



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## REGLEMENT FOR GODGJERSLE AV PRØVENEMDSMEDLEMMER I MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE – GJELDANE FRÅ JANUAR 2019

Prøvenemnda skal legge forholda til rette, slik at flest mogleg kandidatar kan avleggja fag-/sveineprøve samstundes. Når fag-/sveineprøve er avlagt og bedømt av prøvenemnda, skal protokollen **umiddelbart, og seinast innan 14 dagar**, sendast samla i underskriven stand til utdanningsavdelinga.

Møre og Romsdal fylkeskommune har bestemt at medlemmer i prøvenemnda skal nytte elektronisk rekning. Dato/klokkeslett for alle møter skal påførast reiserekning og protokoll. Namn på kandidaten skal også påførast reiserekninga.

Rekning m/bilag skal sendast til utdanningsavdelinga seinast innan 14 dagar, etter gjennomført fag-/sveineprøve.

### Honorar

Gjeldande satsar for godtgjersle av prøvenemndsdeltaking er:

- Leiar av prøvenemnda kr 2000 per kandidat
- Medlem av prøvenemnda kr 1500 per medlem

Godtgjersle for prøvenemndsdeltaking skal dekke følgjande:

- Informasjon til prøve kandidat/lærebedrift
- Inspeksjon av prøvestad
- Utarbeiding av oppgåver for den praktiske prøva med vurderingskriterier
- Føring av prøveprotokoll/tilleggsprotokoll, jf. Forskrift til opplæringslov § 3-57
- Samordning og innsending av protokoll og oppgjerskjema til fylkeskommunen

Når prøvenemnda har prøver for fleire kandidatar samstundes, blir godtgjersla redusert til kr 1000 for leiar og kr 750 for medlem frå og med den femte kandidaten.

### Administrasjon av fag-/sveineprøver

Når leiar sjølv ikkje deltar på prøva, men berre administrerer oppmeldinga, blir det utbetalt kr 200 per prøve. Namn på kandidatar skal førast på reiserekninga eller evt. ligge med som vedlegg.

### Nytt medlem tiltrer nemnda

Vi gjer merksam på at i dei tilfelle kor ein person er på opplæring i nemnda, er det tapt arbeidsforteneste og reiseutgifter som vert dekke. Opplæringa må på førehand vere avtalt med utdanningsavdelinga.

### Anna møtegodtgjersle

Med møte er meint der heile eller deler av prøvenemnda er samla. Arbeidet på møta skal vere av generell art og ikkje knytt til namngitt prøve kandidat. **Det kan berre skrivast reiserekning frå slike møte dersom møtet er avtalt med ansvarleg rådgivar for faget på førehand. Kopi av møteinnkalling skal alltid ligge med reiserekning.**

Dato og tidspunkt for møtestart og møteslutt må stå på reiserekninga, reisetid er ikkje møtetid. For møte på kveldstid blir det utbetalt kr 400 per møte.

### Overnatting

Legitimert utlegg til hotellrom blir refundert med inntil kr 1800. Original kvittering frå hotellet skal leggst ved. Dersom frukost er inkludert i romprisen, blir kostgodtgjersla redusert med kr 156,-.

**NB! Overnatting på hotell skal avklarast med ansvarleg rådgjevar på førehand.**

Det må være ei reisetid på minst 1,5 timar kvar veg for at overnatting på hotell blir dekt av fylkeskommunen. Fylkeskommunen har hotellavtalar med fleire hotell som skal nyttast i dei tilfelle ein treng overnatting.

Ulegitimert overnatting blir dekt med kr 435 per natt.

### Km-godtgjersle (bruk av eigen bil)

- Km-godtgjersle inntil 10.000 Kr 4,03 per km
- Tillegg for passasjer Kr 1,00 per km per passasjer

Namn på passasjer skal førast i eige felt på reiserekninga, og det skal kome klart fram strekning m/km.

### Kostgodtgjersle – Reiser utan overnatting

For å få kostgodtgjersle må du ha vore borte i meir enn 6 timar. Reise under 30 km gir ikkje rett på kostgodtgjersle. Klokkeslett start – slutt, samt km distanse skal presiserast kvar dag dersom ein krev kostgodtgjersle. Er reiseruta og presisering av klokkeslett og km distanse ikkje ført på rekning, vert kostgodtgjersle ikkje dekt.

- For reiser frå og med 6 timar til 12 timar Kr 307,-
- For reiser som varer over 12 timar Kr 570,-

### Kostgodtgjersle – Reiser med overnatting

- For reiser som varer over 12 timar Kr 780,-
- Reiser som varer utover heile døgnet. Kost dekkast etter dagsats.

Reduksjon for måltid (skal førast til minus i reiserekninga)

Frukost (20%)	Kr 156,-
Lunsj (30%)	Kr 234,-
Middag (50%)	Kr 390,-

### Utgiftgodtgjersle (fly, tog, fergje mm)

Det vert gjeve reise godtgjersle etter staten sitt reiseregulativ for offentlege tenestemenn.

<https://blogg.autogear.no/statens-satser-for-kjoregodtgjorelse-endres-fra-1-januar-2019>

Kvittering, billetter mm skal leggjast ved!

### Porto

Slike utgifter vert godkjent etter kvittering.

## Dokumentert tapt arbeidsinntekt

Tapt arbeidsforteneste (inkl. feriepengar) vert refundert etter dei, til ein kvar tid gjeldande regulativ i Møre og Romsdal fylkeskommune. Tapt arbeidsforteneste er definert som tap av løn, ikkje tap av fortенeste.

Det må kome klart fram på rekninga med dato og klokkeslett for kvar dag det vert krevd refusjon av tapt arbeidsforteneste. Erklæringa må vere underskriven av den som er ansvarleg for lønsutbetalinga i firmaet. Den som blir trekt i løn, kan ikkje skrive under erklæringa.

## For sjølvstendig næringsdrivande

Per d.d. refunderast inntil kr 3400,- per møtedag.

Sjølvstendig næringsdrivande som krev godtgjersle skal legge fram utskrift av likningsattest for berekning (*ein bruker her post 2.1.1 som grunnlag for utrekning av timesats*), av grunnlaget for tapt arbeidsforteneste. Tap per dag blir utrekna etter netto årsinntekt dividert på 260 dagar. Som grunnlag skal berre takast med inntekt som direkte vert påverka eller redusert ved utøving av vervet. Vi gjer merksam på at sjølvstendig næringsdrivande ikkje får utbetalt feriepengar frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Attestar eldre enn 12 mnd. vert ikkje godkjent.

Skjema «Sjølvstendig Næringsdrivande, Erklæring Tapt Arbeidsforteneste» finn du på [www.mrfylke.no/provenemnd](http://www.mrfylke.no/provenemnd) under aktuell informasjon

## For lønsmottakarar

Per d.d. refunderast inntil kr 3400,- per møtedag.

Skjema for dokumentasjon av tapt arbeidsforteneste for arbeidstakarar skal nyttast og innehalde timesats/beløp, antal timer trekt i løn, stempel og underskrift frå arbeidsgjevar. Attester eldre enn 6 mnd. vert ikkje godkjent. Skjema «Lønsmottakar, Erklæring Trekk i Løn» finn du på [www.mrfylke.no/provenemnd](http://www.mrfylke.no/provenemnd) under aktuell informasjon.

## Faktura refusjon løn

Der medlemmar i prøvenemnda ikkje vert trekt i løn av sin arbeidsgjevar som følgje av arbeid i nemnda, kan arbeidsgjevar sende refusjonskrav tapt arbeidsforteneste etter avtale med utdanningsavdelinga. Skjema for innsending av refusjon finn du på [www.mrfylke.no/provenemnd](http://www.mrfylke.no/provenemnd) under aktuell informasjon.

## For pensjonistar, studentar m.m.

Ulegitimert tapt arbeidsforteneste nyttast av medlemmar som er pensjonistar, heimeverande og studentar. Vidare nyttast den også av medlemmar som går i turnus og gjennomfører fag-/sveineprøver på sin fritid. For dei refunderast ulegitimert tapt arbeidsforteneste etter det til ein kvar tid gjeldande regulativ i Møre og Romsdal fylkeskommune. Per d.d. refunderast inntil **kr 1700,-** per dag og **kr 850,-** inntil 4 timar. **Krav om erstatning av ulegitimert inntekt skal framsettast skriftleg kvar gong på godkjent skjema.** Skjema «For Pensjonistar, Studentar m.m. Ulegitimert Tapt Arbeidsforteneste» finn du på [www.mrfylke.no/provenemnd](http://www.mrfylke.no/provenemnd) under aktuell informasjon.

## Fritak frå verv i prøvenemnd

Prøvenemndsmedlem som ønskjer seg fritatt frå sitt verv, må det sendast ein skriftleg søknad med grunngjeving til utdanningsavdelinga.

Pensjonistar kan sitte i prøvenemnda ein periode etter dei er blitt pensjonist.

## Utbetaling

Prøveprotokoll må vere mottatt før utbetaling blir gjort. Protokollen skal vere underskriven av dei to som har ansvaret for gjennomføringa av sjølve prøva - leiar og medlem.

Det er utbetaling den 12. kvar månad. For å vere sikker på å vere med på denne utbetalinga må vi ha rekningane i hende seinast den 20. i månaden før.